

Kvinnherad Taxi AS
Pb 198
5480 HUSNES

Dato: 14.08.2015
Vår ref.: 2015/552-39
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Kvinnherad Taxisentral - søknad om lemping av driveplikta

Samferdselsavdelinga har motteke søknad datert 4. august 2015 om lemping av driveplikta for Kvinnherad Taxisentral.

Søknaden gjeld lemping av køyreplikta på natt i vekedagane. Grunngevinga er dramatisk svikt i innkøyring og tal på turar som fylgje av svikt i offentlege transportoppdrag, for få sjåførar og stor belastning på eigarane. Sentralen hevdar at dersom ein ikkje får godkjent lemping av driveplikta, vil fleire eigarar levera inn løyva.

Spørsmål om lemping av driveplikta har vore teke opp fleire gongar frå andre løyvehavarar, og samferdselsavdelinga har tidlegare teke dette opp med departementet. Derfrå har ein presisert at driveplikta er klar og gjeld heile året, heile døgnet. Departementet har ikkje vore innstilt på å opna for å lempa på driveplikta, og Hordaland fylkeskommune har i tråd med dette ein restriktiv praksis.

Kvinnherad kommune er nest etter Stord den mest folkerike kommunen i Sunnhordland, med omlag 13.240 innbyggjarar. Behovet for drosjetilbod på natta i vekene er pårekeleg større i Kvinnherad enn i mindre befolka distrikt. I Kvinnherad Taxisentral er det 7 løyvehavarar og 8 ordinære drosjar. Det bør såleis liggja til rette for ei rimeleg vaktordning på natt i vekene.

Samferdselsavdelinga finn ut frå dette ikkje å kunne gje fritak frå driveplikta på natt i vekene.

Avslaget kan klagast inn for klagenemnda innan ein frist på 3 veker, sjå vedlagte orientering om klage.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Norges Taxiforbund avd. Hordaland